



Øyvind Kleivdal  
Kleivdalsvegen 119  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3643 - 19/9656

Saksbehandlar:  
Nils Kaalaas  
NIK@lindas.kommune.no

Dato:  
20.03.2019

## Svar på søknad om bygging av Kleivdalsvegen gbnr 181/1

### Dokument i saka:

Søknad om bygging av landbruksveg innkome 17.11.2016  
Søknaden sendt på høyring regionale mynde 28.12. 2016  
Høyrings uttale Hordaland Fylkeskommune dat 11.01. 2017

### Lovgrunnlaget:

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05. 2015  
§ 7 i Naturmangfalls lova

### Saksutgreiing:

Søknaden går ut på å bygga ein ca 100 meter lang skogsbilveg vegkl 4 + snuplass totalt ca 145 meter over innmarka på bruket. Vegen vil vera til nytte for ca 90 dekar skogsmark . Vegen er sendt regionale mynde til uttale utan at det er kome merknader til denne søknaden. Men i brevet frå fylkeskommunen vert det peika på at om det under arbeid vert avdekka kulturhistoriske funn så skal arbeidet stansast og meldast.

### Vurdering:

Vegen vil løysa ut ei bratt lid der store delar er kulturskog med gran. Den vil og gje tilkomst til dalføret som går mot sør, der det og står ein god del granskog. Ut frå dette så er det heimel for å bygga denne veggen etter landbruksveg forskrifta.

Kommunen har vurdert veggen og området den vil ha verknad for etter § 7 i Naturmangfalllova utan at ein kan sjå at veg og skogsdrift kan ha negativ verknad på naturmangfallet.

Bygging av veggen vil heller ikkje føra til auka fare for flaum og ras, men ein vil likevel gjera merksam på at dette området ligg i nedbørsfeltet til Storavatnet. Dette vatnet er hovedvasskjelda til Lindås kommune og inntaket ligg ikkje så veldig langt frå Kleivdal. Ein vil gjera merksam på at det må takast omsyn til dette når det vert utført arbeid med vegar og hogst i området.

### Vedtak:

Det vert synt til saksutgreiing og vurdering og med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05 2015 godkjenner Lindås kommune bygging av Kleivdalsvegen.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar skogbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Øyvind Kleivdal

Kleivdalsvegen 5912  
119

SEIM